

KOMMISJONSVEDTAK

2015/EØS/76/64

av 27. november 2009

om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til lista over grensekontrollstasjonar

[meldt under nummeret K(2009) 9199]

(2009/870/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 91/496/EØF av 15. juli 1991 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av dyr som innføres til Fellesskapet fra tredjestater, og om endring av direktiv 89/662/EØF, 90/425/EØF og 90/675/EØF⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 4 andre leddet siste punktet,

med tilvising til rådsdirektiv 97/78/EF av 18. desember 1997 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av produkter som innføres til Fellesskapet fra tredjestater⁽²⁾, særleg artikkel 6 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I kommisjonsvedtak 2009/821/EF av 28. september 2009 om utarbeiding av ei liste over godkjende grensekontrollstasjonar, om fastsetjing av visse reglar for dei inspeksjonane som veterinærakkunnige frå Kommisjonen skal utføre, og om fastsetjing av veterinæreiningar i TRACES⁽³⁾ er det fastsett ei liste over grensekontrollstasjonar som er godkjende i samsvar med direktiv 91/496/EØF og 97/78/EF. Denne lista er ført opp i vedlegg I til det nemnde vedtaket.
- 2) Inspeksjonstenesta til Kommisjonen, Næringsmiddel- og veterinærkontoret, har utført ein inspeksjon ved grensekontrollstasjonen på lufthamna i København i Danmark. Resultata av inspeksjonen var tilfredsstillande. Det bør difor leggjast til endå eit kontrollsenter for denne grensekontrollstasjonen i den lista som er fastsett i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 3) På grunnlag av meldingar frå Danmark, Frankrike, Italia og Portugal bør visse kategoriar av dyr eller produkt av animalsk opphav som kan kontrollerast ved visse grensekontrollstasjonar som alt er vortne godkjende

i samsvar med vedtak 2009/821/EF, leggjast til i lista over grensekontrollstasjonar for desse medlemsstatane i vedlegg I til det nemnde vedtaket.

- 4) På grunnlag av resultata av dei inspeksjonane som Næringsmiddel- og veterinærkontoret har utført i samsvar med vedtak 2009/821/EF, og på grunnlag av meldingar frå Frankrike, Irland og Italia, bør visse kategoriar av dyr og produkt av animalsk opphav som kan kontrollerast ved visse grensekontrollstasjonar som alt er vortne godkjende i samsvar med vedtak 2009/821/EF, strykast frå lista over grensekontrollstasjonar for desse medlemsstatane i vedlegg I til det nemnde vedtaket.
- 5) På grunnlag av ei melding frå Latvia bør lista over grensekontrollstasjonar i denne medlemsstaten endrast for å ta omsyn til at ein av grensekontrollstasjonane er vorten mellombels stengd.
- 6) På grunnlag av meldingar frå Belgia, Tyskland og Frankrike bør visse grensekontrollstasjonar i desse medlemsstatane strykast frå lista over grensekontrollstasjonar som er fastsette i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 7) På grunnlag av ei melding frå Italia bør lista over grensekontrollstasjonar i denne medlemsstaten endrast for å ta omsyn til at ein av grensekontrollstasjonane har endra namn.
- 8) I tillegg har Belgia meldt frå om at anlegget OCHZ ved grensekontrollstasjonen i Zeebrugge er vorte stengt og eit nytt kontrollanlegg opna.
- 9) Vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 10) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 315 av 2.12.2009, s. 11, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 61/2011 av 1. juli 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 54 av 6.10.2011, s. 13.

⁽¹⁾ TEF L 268 av 24.9.1991, s. 56.

⁽²⁾ TEF L 24 av 30.1.1998, s. 9.

⁽³⁾ TEU L 296 av 12.11.2009, s. 1.

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedlegg I til vedtak 2009/821/EF vert endra i samsvar med vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 27. november 2009.

For Kommissjonen

Androulla VASSILIOU

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

I vedlegg I vert det gjort følgjande endringar:

1) I den delen som gjeld Belgia, vert det gjort følgjande endringar:

b) Posten for hamna i Zeebrugge skal lyde:

«Zeebrugge	BE ZEE 1	P		HC(2), NHC(2)»	
------------	----------	---	--	----------------	--

2) I den delen som gjeld Danmark, vert det gjort følgjande endringar:

a) Posten for lufthamna i København skal lyde:

«København	DK CPH 4	A	Centre 1, SAS 1 (North)	HC(1)(2), NHC (*)	
			Centre 2, SAS 2 (East)	HC (*), NHC(2)	
			Centre 3		U, E, O
			Centre 4	HC(2)»	

b) Posten for hamna i Skagen skal lyde:

«Skagen	DK SKA 1	P		HC-(FR)(1)(2)(3), NHC(6)»	
---------	----------	---	--	---------------------------	--

3) I del delen som gjeld Tyskland, går postane for grensekontrollstasjonane i Kiel, Lübeck og Rügen ut.

4) I den delen som gjeld Irland, vert det gjort følgjande endringar:

a) Posten for lufthamna i Dublin skal lyde:

«Dublin Airport	IE DUB 4	A			E»
-----------------	----------	---	--	--	----

b) Posten for lufthamna i Shannon skal lyde:

«Shannon	IE SNN 4	A		HC(2), NHC(2)	U, E»
----------	----------	---	--	---------------	-------

5) I den delen som gjeld Frankrike, vert det gjort følgjande endringar:

a) Posten for hamna i Concarneau–Douarnenez går ut.

b) Posten for lufthamna i Roissy Charles-de-Gaulle skal lyde:

«Roissy Charles-de-Gaulle	FR CDG 4	A	Air France	HC-T(1), HC-NT, NHC-NT	
			France Handling	HC-T(1), HC-NT, NHC	
			Station animalière		E, O(14)»

c) Posten for lufthamna i Vatry skal lyde:

«Vatry	FR VRY 4	A		HC-T(CH)(1)(2), NHC-NT(2)»	
--------	----------	---	--	----------------------------	--

6) I den delen som gjeld Italia, vert det gjort følgjande endringar:

a) Posten for hamna i Civitavecchia skal lyde:

«Civitavecchia	IT CVV 1	P		HC(2), NHC(2)»	
----------------	----------	---	--	----------------	--

b) Posten for hamna i Gioia Tauro skal lyde:

«Gioia Tauro	IT GIT 1	P		HC(2), NHC-NT(2)»	
--------------	----------	---	--	----------------------	--

c) Posten for hamna i Vado Ligure Savona skal lyde:

«Vado Ligure Savona	IT VDL 1	P		HC(2),NHC-NT(2)»	
---------------------	----------	---	--	------------------	--

7) I den delen som gjeld Latvia, skal posten for hamna i Riga (Baltmarine Terminal) lyde:

«Riga (<i>Baltmarine Terminal</i>) (*)	LV BTM 1	P		HC-T(FR)(2) (*)»	
--	----------	---	--	------------------	--

8) I den delen som gjeld Portugal, skal posten for hamna i Lisboa lyde:

«Lisboa	PT LIS 4	A		HC(2), NHC-NT(2)	O»
---------	----------	---	--	---------------------	----